

Kommentar og påminning om kva som er forslaget i kommunedelplan for oppvekst:

Det står i innleiinga til kommunedelplan for oppvekst at «*Barn og unge skal utvikle kompetanse til å møte framtida (...)*» Vidare står det: «*For å lukkast med målsetjinga spelar dei vaksne ei viktig rolle, både i høve til tverrfaglig samarbeid, tidleg innsats og i det daglege arbeidet rundt barn, unge og familiar*».

Eg siterer vidare:

Hovudmål i kommunedelplan for oppvekst

- 1. Barn og unge opplever å høyre til**
- 2. Barn og unge blir sett og ivaretakne**
- 3. Barn og unge er rusta til å møte framtida**
- 4. Barn og unge opplever at vaksne samarbeider**
- 5. Barn og unge blir møtt av kompetente vaksne**

3.1

«Alver kommune satsar på barn og unge (...)

MÅL: Barn og unge i Alver har ein trygg oppvekst

MÅL: Innbyggjarane i Alver har ein meiningsfylt og aktiv kvardag

Frå samfunnssdelen:

«*For å oppnå dette, skal vi ha aktivitetar, tilbod og møteplassar som seinkar terskelen for å delta, og førebyggjer utanforskap.*”

Denne målsetjinga blir fylgt opp i kommunedelplan for oppvekst, både gjennom satsinga på inkluderande fellesskap og tidleg innsats. Som presentert i kapittel 3.4, vil Alver kommune vidareføre arbeidet med Dei Utrulege Åra (DUÅ), Inkluderande Barnehage- og skolemiljø samt MOT i ungdomsskulane og møteplassen Salto.

I samband med utarbeiding av kommunedelplan for oppvekst er det lagt inn fleire tiltak i høve til helsefremjande oppvekst; Å utarbeide ein plan for førebyggjande arbeid, vidareføre Salto og MOT i ungdomsskulen, vidareføre satsingane Dei Utrulege Åra (DUÅ) og Inkluderande barnehage- og skolemiljø (IBS),

Eg kjenner ikkje nok til DUÅ, Salto og IBS anna enn det eg har hørt frå andre, men eg kjenner veldig godt til MOT-programmet, som eg sjølv har arbeidd med i snart 9 år. Eg tenkjer at det er **svært viktig at dette vert ståande slik forslaget er**, då i alle fall MOT-programmet er heilt innanfor det som er hovudmålet i planen; at barn og unge opplever å høyre til, at dei blir sett og ivaretakne og ikkje minst at dei vert rusta til å møte framtida. Dette er hovudområde innanfor MOT-programmet.

Mvh Åse Hagesæter, lærar/MOT-coach på Lindås ungdomsskule